

Merknad til Ekspertutvalet for reduksjon og behandling av farleg avfall sin sluttrapport.

Ein er sjølvstøtt oppteken av framtidig behandling av farleg avfall generelt, og som nabo til Raudsand og Nesset, av ei muleg deponilokalisering akkurat der spesielt.

Sluttrapporten er lite eigna som reiskap til å peike ut stad for eit nasjonalt deponi for farleg avfall. I alle fall for Raudsandalternativet sitt vedkomande. Når utvalet ikkje ein gong har teke seg bryet med ei synfaring på staden, kan det tyde på at ein ut ifrå punkt 3.3.3 der det heiter: «geografisk nærhet og anleggets egnethet blir av betydning», alt no ser på Raudsand som ei uaktuell plassering. Eller er det slik at nokon i utvalet veit kor ille det ser ut på Raudsand, og slik har klart å forhindre ei synfaring der?

Raudsand vart vurdert som lite eigna på den opphavlege lista over 12 mulege stader for deponi. Lokalt veit vi at det er slik, men grunna mindre motstand lokalt (av heilt spesielle årsaker som ekspertutvalet skulle ha vore opplyst om) samanlikna med dei andre 11 alternativa, er Raudsand utruleg nok høgaktuell!

I pkt. 5.1.6. i rapporten heiter det at: «Deponering av farlig avfall stiller ekstra krav til trygg plassering av avfallet». Med dei geologiske tilhøva på Raudsand vil det vera uråd å oppfylle eit slikt krav. Nesset kommune har frå tida med gruvedrift på Raudsand stor ekspertise på fjellet her. Gruvearbeidarane som har levd av og i fjellet eit heilt yrkesliv og kjenner det ut og inn, veit kor utett og laust det er. Og dei får støtte av framståande geologar og bergmenn, stikk i strid med dei siste konklusjonane frå NGU.

Kunnskapen til gruvearbeidarane er reell. Det er og historia om forsøplinga miljøkriminaliteten på gruveområdet i tida etter at gruvedrifta vart innstilt: Mottak og lagring av farleg avfall frå inn- og utland med avrenning av miljøgifter til den nasjonale laksefjorden. Kan eit ekspertutval verkeleg hoppe bukk over desse fakta når Raudsand blir vurdert som muleg deponistad? Som om dette ikkje var nok, så er ei enorm sjøutfylling planlagt utover bratt, skrånande sjøbotn.

EU sitt vassdirektiv skal vel gjelde for fjorden vår og? Ekspertutvalet tek på seg eit stort ansvar ved ikkje å avvise vidare deponering på Raudsand. Med planane som ligg føre, vil det vera uråd å oppfylle krava i vassdirektivet. Ein har ingen grunn til å feste lit til tiltakshavar og kontrollinstans sin planlagte strategi for oppsamling og kontroll med avrenning mot fjorden. Topografi og ekstremver talar mot sjansane for total kontroll som her er nødvendig.

Det er ikkje med glede ein i nabokommunen har følgd prosessen Nesset kommune og Bergmesteren/Veidekke med god hjelp av Fylkesmannen i Møre og Romsdal har køyrt for å få realisert eit nasjonalt deponi ved Tingvollfjorden. Skulle i tillegg ein sluttrapport frå eit ekspertutval, fri for lokal ekspertise, og som dermed inneber store manglar m. o. t. lokasjonen Raudsand, hjelpe fram dette alternativet, vil all tillit til offentleg forvaltning gå tapt. Største belastninga er det likevel miljøet som må ta. Og det er verre for komande generasjonar langs fjorden.

Oddbjørn Aspås